

Allsong og sterke band til Huglo.

29.07.2018



Mykje folk var samla ved Huglabutikken i går til allsongprogram ved Rustne Menn. Hans Gustav Mussland er diverre ikkje komen med på dette bilete.

Det vart eit godt frammøte av glade songarar som kom til Huglabutikken då Rustne Menn frå Uskedalen gjesta Nord Huglo i går med allsongprogram. Som takk for framføringa song Rune Taranger Landa Song til Uskedal av oldefar sin, Wilhelm Bjelland, til tonen Å, nei for himmel rein og klår. Det var ei god framføring som gjorde inntrykk på uskedalingane.

Det er tredje året Rustne Menn legg turen til Huglo med allsong. Tilskipinga er i samarbeid med Huglabutikken ved dagleg leiar, Venche Taranger. Foreldra hennar, Anna og Wilhelm Bjelland, kom frå Uskedalen, kjøpte seg gard og flytta til Sør Huglo i 1957. Borna deira er Vigliv g. Brandvik (bur på Huglo), Asgeir (bur på Stord, har hytte på Huglo) og Venche g. Taranger (bur på Huglo og driv Huglabutikken).



Huglabutikken ligg på kaien på Nord Huglo og har eit miljø slik det var på kaiene der rutebåtane gjekk før.

Rustne Menn var denne gongen fulltalige med heile fem medlemmer. Med i song- og musikkgruppa er: Tore Nordahl Pedersen (bass), Svein Rimestad og Reidar Myklebust (rytmegitar), Hans Gustav Mussland og Kristian Bringedal (trekkspel). Alle syng og songane er frå det mest kjende allsongrepetoaret. Mange av tekstane er henta frå det maritime miljøet på Vestlandet.

Frammøte til allsong på Huglo er alltid godt. Nokre er fastbuande. Mange er feriegjester i hytter. Nokre kjem med båt, legg til kai tett ved arenaen og er gode medsongarar.

Motbakkeløpet Varden Opp var ein del av arrangementet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Steinar Hystad/ Kristian Bringedal



Rune Taranger Landa med si meisterlege framføring av Song til Uskedal av oldefar sin, Wilhelm Bjelland.